



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 19/524-1

Årsplan kontrollutvalet 2019

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek framlagd årsplan til etterretning.

Vedlegg:

- Årsplan for kontrollutvalet 2019

Andre relevante dokument i saka:

- Verksemndplan for kontrollutvalet 2016 – 2019, vedteken i FT-sak 10/16

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok verksemndplan 2016 – 2019 for kontrollutvalet i FT-sak 10/16 etter tilråding frå kontrollutvalet. Planen inneheld ansvar og arbeidsoppgåver for utvalet. Verksemndplanen er meint å dekkje behovet for å ha ein overordna plan for kontrollutvalet sitt ansvarsområde for kontroll og tilsyn av den fylkeskommunale verksemda.

Det er i tillegg viktig for kontrollutvalet å få på plass ein årsplan som på eit meir operativt nivå inneheld dei planlagde aktivitetane til utvalet gjennom året. Årsplanen vert i år som i fjar lagt fram som eiga sak tidleg på året. I tillegg vil kontrollutvalet få status for arbeidet i utvalet i høve til planen til orientering i eit møte på hausten.

2. Vurderingar og konsekvensar

Planen er lagt opp slik at den regulerer kva kontrollutvalet skal handsame og få orientering om i det einskilde møte gjennom året. Den skal med andre ord vere eit hjelpemiddel for å få med seg alle aktivitetane til utvalet og at dei skjer i ei logisk rekjkjefølgje.

Utvalsemlemmane vil, med ein slik plan, lettare kunne følgje opp at dei får framlagt det som er avtalt til rett tid.

Det er fylkestinget som har det overordna ansvaret for kontroll og tilsyn i fylkeskommunen. Kontrollutvalet er fylkestinget sitt utøvande kontrollorgan, og skal føre operativ kontroll og tilsyn med forvaltinga på vegne av fylkestinget. Fylkestinget kan, som einaste organ, når som helst pålegge kontrollutvalet å utføre kontroll- eller revisjonshandlingar.

Det er i årsplanen lagt opp til å handsame saker som skal vidare til fylkestinget i møte som er i framkant av fylkestingsseta. Sakene frå kontrollutvalet vert planlagt handsama slik at fylkestinget får eit nokon lunde jamt tilfang av saker frå utvalet. Kontrollutvalet har sjølv sagt mogelegheiter til å sende saker til handsaming i fylkestinget utover det som følgjer av årsplanen.

Det er i tillegg lagt inn konferansar og politikardagar som kontrollutvalsmedlemmane deltek på. Det er viktig at medlemmane i kontrollutvalet har god kontakt med sine politiske grupper, slik at kontrollutvalet sine saker er kjende og gjerne diskuterte i dei politiske gruppene i framkant av fylkestingsseta.

Rammene for kontrollutvalet sitt arbeid og dermed aktivitetane i årsplanen er budsjettet som utvalet har fått tildelt. Utfordringa for kontrollutvalet vert å ha aktiviteter som gjer at kontroll og revisjon av den fylkeskommunale forvaltningen vert utført på ein trygg måte for innbyggjarane i fylket.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen legg fram årsplanen for kontrollutvalet med ei tilråding om å ta planen til etterretning. Det er opp til utvalet om dei ynskjer å gjere endringar i planen. Planen skal vere eit reiskap for å sikre at kontrolloppgåvane vert utført på ein trygg og god måte. Utvalet kan avvike frå planen når eller dersom utvalet vurderer det som føremålstenleg